

NR. 7

OKTOSBER 1986

19. ÅRG.



## YTRE ARNA BARNE- OG UNGDOMSKOR 5 ÅR

Det er no 5 år sidan korarbeidet i kyrkja starta opp. Nesten 50 medlemmer i alle aldrar øver ein gong i veka i barnekoret, ungdomsgruppa og kyrkjekoret. Jubileet vert

markert med konsert laurdag 1. november kl. 17.00 og ved familiegudsteneste søndag 2. november kl. 11.00. Då er alle velkomne til å høyra kora.

s. 12

Bibelen open for alle:

S. 9

# *Ein blind får sjå*

20. s.e. pinse

Joh. 9. 1-7 og 35b-38

«Bryt ned alt som hindrar oss i å søkja deg, og lat oss alltid leva i den trua som er pantet på det vi vonar, vissa om ting vi ikkje ser...»

Slik står det i ei av bønene for denne sonda-  
gen, og me kan vel seia at denne teksten er  
med på å venda tanken både mot hindringar  
for trua og opning for tru. I velmeinande hjelp  
prøvde læresveinane å forklara den blindfodde  
sin lagnad med at det var nok foreldra hans  
som hadde synda. Slik ville dei gje lidingsa si  
løysing. Det måtte finnast ei årsak til at han  
hadde det slik.

Mange menneske i dag sit fast i den same tanken: Når eg har det  
vondt, då må det vel finnast ein grunn til det? Når ikkje eg slepp mot-  
gangen, då må eg vel vera gløymd av Gud? Tenkjer vi slik, vert mot-  
gangen ei hindring for trua.

Jesu svar til dei som ville forklara den blindfodde si lidingsa, gjekk i  
ei heilt anna lei. Det var ikkje foreldra si synd han måtte bera med  
seg i sin motgang, det var heller ikkje noko anna forklaring hjå man-  
nen sjølv eller hans familie, som han kom med i staden. Motgangen  
skulle ikkje vera hindring for trua, men for denne mannen førte det til  
eit møte med Jesus som førte fram til tru.

Gjennom eit under fekk han sjå. Med eitt vart byrder løfta av. Nye  
muligheter og eit anna liv opna seg for han.

Men han fekk og sjå meir. «Eg trur, Herre» sa mannen og kasta seg  
ned for Jesus. Hendinga førde til ei tru på Jesus.

Det trua gjev oss kan og vera ting vi ikkje ser. Så mange ting opp-  
tek vår kvardag og våre liv, at det mange gonger ikkje vert meir vi  
vinn over.

Kanskje vi og treng å be om å få sjå noko meir: det vi ikkje ser,  
men som trua gjev oss del i. Trua skulle vera med på å bera oss oppe  
gjennom livet. Jesus samanliknar det med ein skatt, kosteleg perle el-  
ler andre ting vi synest svært verdfulle. Om vi ser trua i det perspek-  
tivet vert møtet med Jesus ein lysstråle inn i våre liv. Ein rikdom me  
kan bera med oss både i medgang og motgang, også når lidingsa ikkje  
vert løyst og ikkje me kan forklara den.

Harald sundsbø



## TEMAKVELDAR I YTRE ARNA

15. oktober: Kva seier bibelen om kvinne og mann i heimen, samfunnet, i kyrkja?  
v/Akademikarlektor Solfrid Storøy.

29. oktober: Kva seier bibelen om meg, og kva har det betydd for meg?  
v/T.H. Kleppestø, E. Mohn, og K. Sundsbø.

Samlingane er i Kyrkjelydshuset kl. 19.30. ta med matpakke.

## GUDSTENESTEVERKSTAD I INDRE ARNA

Samling tirsdagar kl. 19.30 i kyrkjestova, ved kyrkja. Der inndeiar prestane og vi samtalar om tekstar, salmar og tema for gudstenesta komande søndag. Alle er velkomne til å vera med på det. Det vert slike samlingar desse tirdagane:

- 7. oktober
- 14. oktober
- 21. oktober
- 28. oktober

## Hausttakke- gudsteneste

Søndag den 19. oktober vert det hausttakkegudsteneste i Arna kyrkje. Gudstenesta vert lagt opp i samarbeid med 4 H-klubben på Unneland. Dei har tatt på seg oppgåva med å pynte kyrkja denne dagen, dessutan er dette første gongen vi møter det nystarta barnekoret i Arna kyrkje. Koret har fått fin oppslutning, og vi ser fram til å høre dei. Set av denne søndagen alt no og ver med på denne familiegudstenesta!

## Dør til Kyrkjelydshuset i Ytre Arna

Inngangsdøra til prestekontoret i Kyrkjelydshuset er svært dårleg, og bør skiftast. Soknerådet ville gjerne gjera det, men vantar pengar til å kjøpa dør. Om nokon vil vera med å gje eit bidrag til det, kan dei senda det på den postgiroblanketten som ligg ved bladet til alle som bur i Ytre Arna.

## Fest på kjerka

Ytre Arna sjømannsmisjonsforening innbyr til samling i Kyrkjelydshuset søndag 26.10. kl. 17.00. Der vert innslag frå sjømannsmisjonen sitt arbeid, og Harald Sundsbø leiar festen. Som vanleg vert det høve til å gje ei juleheising til sjøfolk. Alle er velkomne til å vera med.

## BASAR

i Arna bedehus, fredag 17. okt kl. 18.30. Vi har mykje fint både på bøker og på gáver. Velkomne!  
Misonsfor. «Bhutana» og misjonsklubben «Druk-Yul».

## Helgemessesøndag

Kl. 16.00:  
Gudsteneste i Takvam kapell  
kl. 17.30:  
Festsamvær i Tunes bedehus  
Program: Sjå kunngjering i «Bygdanytt» og ved oppslag.


## HAUSTFEST

Arna Sokneråd innbyr til den årlege haustfesten i Arna bedehus søndag 26.10. Program vert kunngjort seinare.



## Barneside


Jeg strenger å  
høre ditt ord,  
kjære Gud.




Foreldrene til Jesus fant  
etter mye leting endelig  
igjen den tolv år gamle  
gutten sitt i tempelet i  
Jerusalem. I Guds hus, der

Josef og Maria på tur.  
Joseph wanted Jesus to stay  
but Jesus wanted to go back  
to the temple. Joseph  
said, "We will find you."  
Jesus said, "I must be in  
the temple."

I høst har det stått mange plakater på stolper og oppslagstavler, og også annonser i avisene om søndagsskoler, ungdoms- og laggrupper som innbyr til samlinger hvor Guds ord har førsteplassen. Hør du funnet deg en plass her? Hvis ikke så undersök hva som passer for deg der du bor, og BLI MED. Gutten og jenter hør Frelsers ord: Les evangeliet, tro evangeliet, bring evangeliet ut over jord!



- | VANNRETT                               | LØDRETT                       |
|--|-------------------------------|
| 1. Innspakket mot 2. Stjeler, bokvendt | 2. Nesten, sunge              |
| 8. Nester, sunge                       | 3. Instrument                 |
| 10. Hovedstødt                         | 4. Hvis vi reiser til Amerika |
| 12. Uten innhold                       | 5. Ingén unntatt              |
| 14. Per Arne                           | 6. Hør urmakeren              |
| 16. Må bakeren gjøre                   | 7. De 10 siste i AKE          |
| 17. Lentenovn                          | 9. Gutternovn                 |
| 19. Novn på brød                       | 11. Der legger vi tov         |
| 20. ♫                                  | 13. En skål ting              |
| 21. Du finner begge i REV.             | 15. 7+7 loddrett              |
|  | 18. Størstommen i alfabetet   |



## Nytt konfirmantår - 204 konfirmantar




Presentasjon av konfirmantar fra Garnes.

Konfirmantpresentasjonane er no over. Ved 4 gudstenester i kyrkjene vart konfirmantane presentert og kvar fekk eit nytestamente frå kyrkjelyden. Konfirmantåret tek til i september og vert avslutta med konfirmasjonssøndagen i mai. I denne tida tek dei del i undervisningssamver, gruppemøter, miljøsamver, gudstenester og Week-end. Dette året har det meldt seg 57 til konfirmanttida i Ytre Arna og 147 i Arna kyrkjelyd. Dei er delt opp i 12 klassar, og 2 av klassane har eit ei-

ge opplegg. Den eine klassen skal ha det meste av undervisninga på 2 leiarar, og ein annan klasse er det psykisk utviklingshemma som får konfirmanttida tilrettelagt for seg. Dei vil vera integrert i det andre opplegget så godt det let seg gjera.

Konfirmanttida er ei stor utfordring både til kyrkjelyden og konfirmantlærarar. Til gruppeundervisninga og andre ting trengs og hjelp. Vi treng gjerne fleire til å vera med på den utfordringa det er å ha kontakt med desse i dette året.



## Fulle kyrkjer på søndagsskulens dag

Oppslutninga om søndagsskulens dag var god i kyrkjene. Både Arna og Ytre Arna kyrkje var fullsett den dagen med born og vaksne. Etter gudstenestene var det kyrkecaffi for dei det var plass til begge stader.

Kirkens Nødhjelp satsar stort på den 19. oktober og

# MEDARDO KJEM



Fleire gonger har han vorte truga på livet, leiaren for hjelpearbeidet i den lutherske kyrkja i El Salvador, Medardo Gomez. Denne tapre presten er ein av dei mange gjestane som kjem for å vere med under TV-aksjonen «Hjelp uten grenser».

Midt under gudstenesta reiste eit av medlemene i kyrkjelyden seg og fortalte at Medardo fylte 42 år denne søndagen. Spontant kom heile kyrkjelyden fram ein etter ein, og gratulerte han ved å omfarmne han hjarteleg. Slik gav dei uttrykk for kjærleiken sin og vørnaden for denne mannen som dei siste åra har stått i spissen for eit omfattande og fagfullt hjelpearbeid mellom dei mange ofra for borgarkrigen som rasar i El Salvador.

Men ikkje alle er like glade i presten Medardo Gomez. Styresmaktene i El Salvador ser på hjelpearbeidet som vert drive av den lutherske kyrkja, som regjeringsfiendtleg. Kvelden før hadde Medardo motteke ei rekke dødstrugslar på telefonen. Han veit at han står på dødsskvadrane si liste. Men omgjeven



av trufaste vene, held han uforstyrreleg fram i arbeidet. —Så lenge Gud vil, som han seier.

—Dersom alt går etter planen vert Medardo Gomez innsett som biskop av Mellom-Amerika i løpet av hausten, opplyser pressesjef Thor Ullerø i Kirkens Nødhjelp, som er spesielt glad for at nettopp Gomez har sagt ja til å vere til stades under den store TV-innsamlinga søndag 19. oktober.

Ved sida av Medardo Gomez er ei rekke personar frå inn- og utland invitert til å vere i studio under sendinga, ikkje minst for å kunne svare på dei spørsmåla TV-sjåarane måtte ha om verksemnda til Kirkens Nødhjelp om om ulandsproblematikk generelt.

—Ved sida av sjølve innsamlinga, ser vi på høvet innsamlingsaksjonen gjev til å nå folk med informasjon til auka kunnskap og forståing som svært viktig, framhever Thor Ullerø. Han streker under at Kirkens Nødhjelp ikkje berre ønskjer å appellere til folks evne til å gje, men også til rettferdssansen.

—Gjennom å verke som opinionsdannar ønskjer Kirkens Nødhjelp å påverke ansvarlege styresmakter i retning av å føre ein politikk som i større grad er innretta på ei meir rettferdig fordeling av verdens ressursar, seier pressesjefen i Kirkens Nødhjelp.

## MISJONSFEST

Misjonsforeningane for Det Norske Misjonsselskap innbyr til fest på Arna bedehus søndag 5. okt. kl. 18.00. Der vil domprost Nils Monstad og Signe Monstad tala og fortelja om opplevelingar frå tida som misjonær i Sør-Afrika.

# Haugland kvinneforening 80 år



Møteleiaren Arthur Askeland saman med foreningsmedlemmene i jubileumsåret: Frå v. Selma Songstad, Gunnhild Vikne, Gudrun Kalsås, Eli Mohn, Dorthe Skage og Agnetha Askeland.

Haugland kvinneforening for Det norske Misjonsselskap er 80 år. På eit møte på «Haugen» hjå Johannes og Brita vart det vedteke å skipa kvinneforeninga 6.11.1906. Foreninga skulle arbeida for misjonen, og alle desse 80 år sidan har foreninga vore i arbeid.

Med ein fest på Haugland bedehus 21. september vart jubileet markert, og det var ein fullsett sal innbedne gjestar og bygdefolk som var på det. Interessant var det å høyra Dorthea Skage lesa attersynet over arbeidet desse åra: Det vitna om stor og trufast innsats for mange. I starten var det Synneva i «Krossen», Olina i «Dalen», Brita på «Haugen», Madli i «Botn», «Kristians» Marta, Anne i «Gaupåsen» d.e., «Strikke Kari» og Karolina i «Krossen» som var med.

Frå haust til våronn var dei flittig i arbeidet i foreninga. Ein gong i veka møttest dei med rokkane sine, karane og ullposar, og fint handarbeid vart det av dette. Dei var så og seia på arbeid i foreninga. Dei kunne sitja saman i arbeidet i 5-6 timer, og inntektene av dette arbeidet sendte dei til misjonsarbeidet. Tid til song, andakt og gjerne nytt frå misjonsfelta vart det og tid til. Lenge før nokon hadde oppfunne U-hjelp sette desse kvinnene i gang med sitt arbeid til beste for andre i framande land.

Tidene har endra seg, og formen for arbeide i kvinneforeningane også. Heile 47 år var Karoline i «Krossen» leiar for foreninga. Kor mange i dag vil sitja med eit tillitsverv så lenge? Etter henne var det Rakel Haugland som tok over og hadde den oppgåva i 19 år fram til 1973. Deretter var det Agnethe Askeland som var leiar i eit tiår, før Gudrun Kalsås overtok. I det siste har ho sagt det frå seg p.g.a. høg alder, og det er Eli Mohn som leiar foreninga no i jubileumsåret.

Ein fin fest hadde dei stelt i stand, misjonsprest Tor Dag Kjosavik heldt festalen med utblikk over misjonsarbeidet i dag.

Misjonsoppdraget er ikkje fullført, og utfordringar ligg framleis og ventar. Jubileumsfesten var med på å markera det, og i helsingar til jubilantane var dette trekt fram. Dei ville gjerne sjå at fleire vert med og fører arbeidet vidare. Det var ikkje så mykje dei hadde å starta med i 1906, men dei brukte det, og det har vorte til hjelp for andre, og sikkert også til glede for dei som har vore med i desse åra.

# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døypte

### Arna sokn:

- 31.08: Annike Bjørndal Almberg, Tina Tveit, Emely Helland Endresen, Bjarte Sæle, Torstein Oen.  
07.09: Espen Verlo, Håvard Frøland, Arild Ronæs, Trude Loftheim Erdal, Wenche Irene Stokke.  
14.09: Monica Bruarøy Arnetvedt.  
21.09: Thomas Skar Skulstad, Birte Solheim Hammersland.

### Ytre Arna Sokn:

- 07.09: Remy André Grøttå Økland, Mailinn R. Røskeland, Monica Syska, Jarle Sævdal Vikne.  
21.09: Thomas Sjursen Angelvæit, Siri Solend, Marie Teigland Fjeldsbø. Jan Magne Isaksen, døypt i Arna kyrkje.



## Vigde

### Arna sokn:

- 12.07: Svein-Erik Lerpold og Elin Herland. Vigde i Risen Christ Lutheran Church, Myrtle Beach USA.

## Ofringane i kyrkjelydane

### Arna sokn:

- 24.08: Kyrkjelydshuset kr. 3536,-  
31.08: Norsk misjon blandt hjemløse kr. 2627,-  
07.09: Kyrkjelydsarbeidet kr. 2376,-  
14.09: Kyrkjelydsarbeidet kr. 1688,-

### Ytre Arna sokn:

- 24.08: Blå Kors kr. 764,-  
07.09: Kyrkjelydsarbeidet kr. 1806,-  
14.09: Bjørgvin Bispedømmeråd kr. 371,-  
21.09: Bergen Søndagsskulekrins kr. 1981,-

- 30.08: Nils Inge Skaftun og Janne Koppen.  
06.09: Ole Røldland og Bente Mari Økland.  
06.09: Roy Kåre Lavik og Marit Flatabø.  
13.09: Rolf Vatle og Anita Chruckshank.  
20.09: Paul Mjelde og Elisabeth Nævdal.  
20.09: Kenneth Alm Bendiksen og Jorunn Anna Haukås.

### Ytre Arna sokn:

- 02.08: Atle André Remen og Sølv Iren Låstad, vigde i Åsane kyrkje.  
06.09: Jan Ove Halsøy og Irene Blindheim.

### Døde....

### Arna sokn:

- 17.08: Gudrun Eide, f. 1909. Begravet fra Alversund kirke.  
25.08: Ragnvald Solberg, f. 1897.  
31.08: Arne Morland, f. 1925.  
05.09: Arne Johan Ytreland, f. 1932.

### Ytre Arna sokn:

- 10.09: Anna Boge, f. 1908.

## RETTINGAR

I siste nummer av bladet har det diverse kome inn nokre feil som vi må retta opp. Under vigslar er namna feil for dei som vart vigde i Arna Kyrkje 12.7 og 17.7.

Det rette skal vera:

- 12.07:  
Hogne Hemre og Helga Nævdal.  
17.07:  
Bjørn Heggem og Mette Iversen.


I oversynet over søndagsskular i Arna er Liatun søndagsskule oppført med samlingar kl. 9.45 og 10.30. Dette året har dei berre ein klasse kl. 10.30.  
Vi seier oss leie for desse feilane.

Red.nemnda.

## BIBELEN OPEN FOR ALLE

# Århundrets bibelsatsing

## Generalsekretær Ole Kristian Kvarme til Arna



Måndag 22. september starta den store aksjonen «BIBELEN OPEN FOR ALLE» opp i Oslo med ein festival, men den skal halda fram i 2 år over heile landet. Bak aksjonen står Det Norske Bibelskapet og 46 kyrkjesamfunn og kristelege organisjonar. Utan tvil er dette difor det største kristelege fellestiltaket til no.

Aksjonen har ei vid målsetjing, og den rettar seg mot det at Bibelen skal vera meir open for alle. Folk flest skal utfordrast til å pussa støv av Bibelen og den skal og gjerast synleg som ein viktig del av vår kulturarv.

I ein presentasjonsbrosyre som er laga i samband med aksjonen er det såleis personar med nokså ulik bakgrunn som oppmodar folk til å lesa meir i Bibelen. Der finn vi Rolv Wessenlund, politikaren Anne Enger Lahmstein, Morten Harket i popgruppa A-HA og idrettsstjerna Solveig Pettersen.

Kyrkjelydane i Arna skal og vera med på å markera aksjonen på ulik måte, og det vert mellom anna ved at generalsekretær Ole Kristian Kvarme kjem på besøk og vert med på eit kurs som Kyrkjelydsskulen arrangerar 7.-9. nov.

Søndag 9. nov. talar han og ved gudstenesta i Arna kyrkje. Det vert ei gudsteneste for heile prestegjeldet. Programmet for denne helga vert kungjort seinare, men denne gongen tek vi med litt av det han uttalte til avis Vårt Land i samband med starten av aksjonen.

### • Bibel-fornyelse

Generalsekretær Ole Kristian Kvarme i Bibelskapet mener imidlertid at en Bibel-fornyelse er i ferd med å skje i Norge:

— Det er begrenset hva vi kan oppnå gjennom en sentral markering av aksjonen Bibelen åpen for alle. Utfordringen er å inspirere de mange kirker og organisasjoner, og deres lokale virksomhet, til å gjøre Bibel-boka kjent og tilgjengelig for flere. Sammen skal vi spre Bibelglede. Vi har allerede opplevd at noe er i ferd med å skje på grasrota. Fantasien blomstrar blant annet i Bibelskapets regionkomitéer, som følger opp Bibelfestivalen med

en rekke arrangementer i lokalmiljøene.

### • Toårig program

Målsettingen er gjennom et toårig program der hele det norske kirke- og kristenfolk utfordres til aktiv innsats, å fornye bibelbruken i menighetene, å gi Bibelen nye lesere i vårt eget land og å øke bibelspredning.

Bibelskapets ledelse poengterer at Bibelen åpen for alle ikke er en hektisk aksjonsuke i hovedstaden,

Framh. s. 14

## MØTE

### Betania, Lone

05.10: Møte v/Santalmisjonen.

07.09 09.09 og 12.10:

Møte v/Indremisj. Talar  
Leiv Nesheim.

11.10: Eldretreff kl. 16.00.

16.10: Nattverdmøte.

23.10: Basar v/NMS.

25.10: Ungdomskveld v/BUF.

26.10: Møte v/NLM.

30.10: Møte v/Indremisj.

02.11: Møte v/Indremisj.

04.11-

09.11: Offerveke v/NLM.

### Unneland bedehus

08.10

og

10.10: Møte v/Indremis. Talar Leiv  
Nesheim.

### Arna bedehus

05.10: Misjonsfest kl. 18.00.

07.10-

12.10: Møteveke v/Indremisj.  
Talar Karl Einar Tvedt.  
Song kvar kveld.

16.10: Nattverdmøte kl. 19.30.

17.10: Basar v/Bhutanmisjonen kl.  
18.00.

18.10: Ungdomskveld kl. 19.30.  
Vitjing frå Framnes Folkehøgskule.

19.10: Familietreff kl. 17.00  
v/Yngstes, Yngres og Barnerøster.

23.10: Bibeltime kl. 19.30 v/Morten  
Pedersen. Musikklaget syng.

26.10: Haustfest.

30.10: Eldresamvær kl. 17.00.

02.11: Basar for Den norske  
sjømannsmisjon.

04.11-  
09.11: Møteveke for N.L.  
Misionssamband.

### Tunes bedehus

14.10: Møte kl. 19.00.

22.10-

26.10: Den indre sjømannsmisjon.  
Møte v/Kjell Helland.

02.11: Festsamvær kl. 17.30.  
Bedehusbasaren kl. 19.00.

### Ytre Arna bedehus

09.10: Basar v/Santalmisjonen kl.  
19.00.

16.10: Møte.

21.10-

26.10: Møteveke v/Indremisjonen.  
Talar Gunnar Rene.

07.10-

09.10: Møter v/NLM. Talarar  
Roald Leikvoll og Atle Ber-  
land.

### Haugland bedehus

04.11-

06.11: Møter v/NLM. Talarar  
Roald Leikvoll og Atle Ber-  
land.

## 20.000 til misjonen

Fem misjonsforeningar hadde basar til inntekt for Det Norske misjonsselskap onsdag den 17. september. Det var godt frammøte på basaren i Arna bedehus. Administrasjonssekretær Odrun Pedersen representerte Bergen krins av Misjonsselskapet og heldt andakt.

Som vanleg har foreningsmedlemene gjort ein fin innsat med lodd-salg rundt i kyrkjelyden, og det gjorde nok mykje til at basaren gav så godt økonomisk resultat.

## Allehelgensmesse

Søndag 2. november vert Egil Hovlands Allhelgensmesse framført i Arna kyrkje ved gudstenesta kl. 11.00.

Medverkande: Arne kyrkjekor, blåsarar frå Arnavågens Musikklag, Sigrunn Eckhoff, sopran, Leif Marøy, Baryton. Liturgi og preike ved sokneprest Øy.



## MENIGHETS- ELEV I YTRE ARNA

Hei, jeg heter Bjørg Hilde Glad og kommer fra Moland kommune som ligger to mil øst for Arendal. Prestegjeldet heter Austre Moland, og det er her Andreas er sokneprest. Jeg har vært med i et ungdomskor som heter EKKO i seks år, og ble kristen under konfirmasjonstiden. I koret var jeg med i en liten avis som heter EKKO-nytt. Der var jeg med i fem år.

Senere ble jeg også valgt inn i korets styre, og satt der til jeg reiste på Bjerkely folkehøgskole høsten 1984. På folkehøgskolen gikk jeg på EDB-linja, og der fikk jeg god bruk for handelsutdannelsen min. Høsten 1988 begynte jeg på Bibelskolen, Bildøy Bergen. Der gikk jeg på medielinja.

I år går jeg på Menighetsseminaret i Bergen. Dette er en skole drevet av statskirken, og har som formål å utdanne menighetsarbeidere, menighetssekretærer og barne- og ungdomsarbeidere. Dette er en to-årig utdannelse med eksamen etter både første og andre avsnitt. Mens vi går på skolen, skal vi også ha en del praksis i en menighet. Derfor er jeg utplassert i Ytre

Arna menighet, og skal jobbe der 20 timer i uka, med hovedvekt på tirsdager og torsdager da vi har fri fra skolen. Disse dagene skal jeg også ha en del med det praktiske i menighetsbladet og jeg skal være med på eldretreff på Flatane.

Dette var litt om meg selv og hva jeg skal drive med. Til nå trives jeg veldig godt her i Ytre Arna, og jeg gleder meg veldig til å komme i gang med alt sammen.

## Det gjeld kyrkjelydshuset

Ettersom vi er i full gang med å førebu bygging av kyrkjelydshus i Arna, vil økonominemnda gå ut og mobilisera enno fleire til innsats for prosjektet. Vi går difor ut for å starte kyrkjeringar i kyrkjelyden.

Kyrkjeringane kan ha ulikt opplegg. For nokon vil det vere aktuelt å samlast om praktiske oppgåver med tanke på julemassa og basaren. Andre kan legge det opp meir som ein studiesirkel. I tillegg til at kyrkjeringane har som formål å arbeida for kyrkjelydshuset, vil dei og kunne fungera som eit godt sosialt felleskap. Det har og vore nemnt at dei som ynskjer det, kan samlast på ein sløysdal og arbeide med formingsaktivitetar.

Dette siste kan vere ei utfordring til menn som vil gå inn i dette arbeidet.

Det er fint om fleire no tar initiativ til å starte kyrkjeringar. Dersom du ynskjer å melde deg på ein kyrkjering, har vi til no desse kontaktane i kyrkjelyden som du kan vende deg til:

Reidun Erstad, Kjelsås 40, 5234 GARNES, tlf.: 24 26 85.

Ester Vassdal, Rasmusv. 26, 5234 GARNES, tlf.: 24 03 22.

Svanhild Hovden, Garnesmarka, 5234 GARNES, tlf.: 25 17 86.

Kristen Økland, 5260 INDRE ARNA, tlf.: 24 20 30. Bjørg Olsen, Stølvsv.

57, 5260 INDRE ARNA, tlf.: 24 03 08

Marta Straume, Londalsflaten 41, 5230 ESPELAND, tlf.: 24 29 10.

Lars Taule, Arhaugen 21, 5260 INDRE ARNA, tlf.: 24 05 40.

Inger Jakobsen, Hølbekken 256, 5262 ARNATVEIT tlf.: 24 24 84

Dersom du ikkje har høve til å vere med i kyrkjering, men vil arbeida for kyrkjelydshuset t.d. ved handarbeid, kan du levera tinga til kyrkjekontoret.

# Ytre Arna Barne- og Ungdomskor 5 år

## Jubileum.

Ytre Arna Barne – og Ungdomskor fyller 5 år i haust. Jubileet vert feira med konsert og fest laurdag 1. nov. og familiegudsteneste søndag 2. nov. Dei har også invitert gjester til årsmålsdagen – m.a. det nystarta barnekoret i Arna kyrkje, og Slettebakken barnekantori, som er gamle vener.

## 30 medlemmar.

Ytre Arna Barne – og Ungdomskor har no 30 medlemmar fra 9 til 17 år, delt på 3 grupper. Gjennom desse 5 åra har mange i Ytre Arna hatt glede av å sjå og høre koret både i kyrkja og ellers i lokalmiljøet. Som medlemer i Bjørgvin kyrkjesongsamband har dei vore med på fleire konsertar og korfestivalar andre stader. I vår var koret på eit stort kortreff i Florø, og neste sumar vonar dei å vera med på rikskyrkjesongfest i Molde.

## Initiativtakar.

Initiativtakar til koret og dirigent sidan starten har vore organist Siri Brunvoll. Det vert lagt vekt på å utvikla borna musikalsk slik at dei kan bruka røysta si rett og læra seg til å lytta aktivt til musikk, og at dei skal kjenna gleda ved å synge.

## Grieghallen.

I samband med at Kyrkjemøtet skal vera i Bergen denne hausten, skal det vera eit arrangement i Grieghallen. Der skal det og vera eit korinnslag, og nokre av medlemmane fra Barnekoret her vert med. Dei tek og del på ulike seminar for å læra meir om korsong og stemmebruk.

## Stor verdi.

For kyrkjelyden har korarbeidet hatt stor verdi, og som innslag i gudsstenesten har det vore med på å gjera opplevinga rikare. Samstundes som dei som er med i kora synest å trivast med det, er dei og

med på å spreia glede til andre.


Difor er det og all grunn til takk til organisten Siri Brunvoll for det arbeid ho har gjort og framleis gjer gjennom desse kora. Og sjølvsagt vil vi og seia at vi set pris på at det er så mange som er med. Utan kor-medlemmer vert det jo ikkje noko kor! Av og til vert det sagt at det er så tungt å syngja i kyrkja. Gjennom korarbeidet har mange opplevd at det er godt å syngja. Med ny salmebok og mange nye, fine melodiar, kunne kanskje fleire oppleva at songen har mange positive sider, og at kyrkjesongen slett ikkje alltid er så tung som folk har inntrykk av.

## Vitjing fra misjonshøgskulen

Fredag den 24. oktober får Arna kyrkjelyd vitjing frå Misjonshøgskulen i Stavanger. Det er tre elevar som kjem på vitjing og den eine er Målfrid Sandvik. Som dei fleste veit, tok Målfrid til på Misjonshøgskulen i haust og skal gå der i eitt år for å førebu seg til misjonærteneste.

Kvart år har studentane ved Misjonshøgskulen det dei kallar krinstene, då dei vitjar kyrkjelydar rundt i landet. Målfrid reiser saman med to andre som vitjar kyrkjelydar i Bergens-området. Fredag den 24.10. kl. 19.30 kan vi treffe dei i Arna bedehus, der dei har møte.

# Arna prestegard skal seljast



For ei tid tilbake sendte Kyrkje og Undervisningsdepartementet ut melding om at ein del av prestegardane skal seljast. Det er Stortinget som har gjort vedtak om at dette kan gjerast, og ein av føresetnada ne er at verdiane skal takast vare på i eit inflasjonssikra fond som skal koma kyrkjelege tiltak til gode.

Mellom dei prestegardane som skal seljast er og Arna prestegard nemnt. Prestegarden omfattar prestebustaden og ein del jordeigedom. Andre stader er det i hovudsak jordeigedomar som skal seljast.

Alle som er kjent i Arna veit at den gamle prestebustaden er eit syn. Den har no stått utan vedlikehald i snart fleire tiår, og bygninga på tunet står til nedfalls.

Bakgrunnen for dette er usemjø mellom Bergen kommune og departementet om kven som skulle setja huset i stand. Det har si årsak i at i landkommunene er det departementet som har ansvar for dette, medan det i bykommunane er kommunen. Samstundes med at Arna kom inn i Bergen, skulle det ordnast mykje på huset, og kommunen og departementet vart ikkje same om kven som skulle betala. Den

usemjø enda med at kommunen kjøpte eit rekkjehus i Vollavegen som prestebustad og flytta seinare prestekontoret til Borgstova. Derned har departementet vorte sitjande med huset og jordeigedomen utan at noko vedlikehald har vorte gjort.

Fra lokalt hald har det vore fleire initiativ mellom anna frå Prestegardstilsynet og soknerådet for å setje huset i stand til prestebustad. Det har ikkje ført fram. Bergen kommune forhandlar no med departementet om overtaking av eigendommen, men resultatet er ikkje klart enno. Det synest likevel som lite truleg at det vert salg på den opne marknaden. Kva føremål huset skal nyttast til er uklårt.

I samband med desse tingingane har det vore på tale å skilja ut ein tomt for ny prestebustad. Det vil verta aktuelt dersom det vert ein ny prestestilling i Arna. Med det folketal som no er i prestegjeldet, står Arna på førsteplass i Bergen for nye prestestillingar. Kva tid det kan koma, er likevel heilt uvisst. På statsbudsjettet synest det ikkje å vera rom for så mange nye stillinger.

# Generasjons- misjonsforeninga Bhutan



Frå hobbyarbeid på eit møte.

Misjonsforeiningar der fleire generasjoner samlast til møte samstundes synest å veksa fram einskilde stader. I Arna er foreninga Bhutan bygd opp på denne måten. Den kan kallast ei familieforening og ingen treng vera heime p.g.a. alder.

Foreninga har namnet sitt etter landet Bhutan der Santalmisjonen driv eit omfattande helsearbeid.

Til Kyrkjelydsbladet fortel dei at dei samlast ein gong i månaden og dei under 20 år har starta misjonsklubben Druk-Yul (det tibetanske namnet på Bhutan) som samlast kvar 14. dag til hobbyarbeid.

Når heile foreninga er saman er programmet slik:

1. Song og andakt.

2. Ting å drøfta saman.
3. Vi skil lag.  
Dei unge driv ymse aktivitetar.  
Dei eldre samtalar om emne frå Bibelen, og har ei bønestund.
4. Matøkt.
5. Misjonsoffer.
6. Kort avslutning.  
Dersom dei har misjonsbesøk er dei saman heile tida.  
Dei vil gjerne oppmoda andre til å starte familieforeningar. Det er krevjande for dei som skal leie det, men det gjev så mykje att.

## Frå s. 9

men et toårig program som involverer hele kirke- og kristenfolket — og som dessuten sikter langt utover kretsen av såkalt personlig kristne mennesker.

### • Gleden i Guds ord

- Tiden er ikke til å bringe Bibelen til torgs på et breddt felt. Vi ønsker å gi folk mulighet til å oppleve gleden i Guds ord. I denne sammenheng er det også viktig å møte mennesker som har funnet det meningssynt å lese i Bibelen. La oss derfor slippe Bibelen løs - med dens varierte innhold. Bibelen må være hjertet i enhver kristens liv, på samme måte som Guds ord er sentrum i enhver levende menighet, påpeker Ole Kristian Kvarme.

## BLOMSTER

til enhver anledning!  
Ring vår blomsterlif.

**24 25 95**



5260 Indre Arna

**I MIN FORRETNING**  
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm.Fossgt. 11, tlf. 32 55 50

*Alltid til tjeneste*



## VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjartelege velkomne.

**VESTLANDSBANKEN,**  
avd. Arna

## ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyer. Monumenter besørges oppsatt.

## Kranser Bårebuketter **Espeland Gartneri**

5230 ESPELAND, tlf. (05) 24 08 09

ARTHUR HOPE

Banken i Arna frå 1866

## SPAREBANKEN VEST

AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning. Hugs at vi har lavaste pris, og det De kjøper her kan De få reparert her.

### ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 81 88  
Arnatveit — telefon 24 19 70  
Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger  
EL-KJØP

## DU KAN LEIE HENGERE HOS OSS!

Vi har hengere for  
Bil-båt og  
varetransport




## ARNATVEIT AUTO SENTER

TLF. 24 07 40

Utlevering også fra Blomsterdalen  
ved J. B. Myklestad.

# *Velkommen til kyrkje*

- Okt. 05.** Arna kl. 11. Sokneprest Øy. Arna kyrkjekor. 50-årskonfirmantane. Takkoffer til Kyrkjelydshuset. Søndagsskole.  
Ytre Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. 50-årskonfirmantane. Takkoffer til Det Kvite Band.
- Okt. 12.** Arna kl. 11. Prof. O. Øystese. Nattverd. Takkoffer til NLA.  
Ytre Arna kl. 11. Studentprest Jon Steinar Jakobsen. Nattverd. Takkoffer til Norges kristelige student- og skoleungdomslag.
- Okt. 19.** Arna kl. 11. Sokneprest Øy. FAMILIEGUDSTENESTE. Hausttakkefest.  
Arna kyrkjes barnekor. Takkoffer til Kyrkjelydshuset.  
Ytre Arna kl. 11. Akademilektor Einar Solli. Nattverd. Takkoffer til NLA.  
Trengereid kl. 11. Misjonsprest Nils Peder Kjetså. Takkoffer til NLA.
- Okt. 26.** Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Kristenfolkets edruskapsråd.  
Kyrkjekaffi. Søndagsskole.  
Ytre Arna kl. 11. Sokneprest Øy. 
- Nov. 02.** Arna kl. 11. Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Norges kristelige student- og skoleungdomslag. Søndagsskole.  
Ytre Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. FAMILIEGUDSTENESTE. Takkoffer til Diakoniarbeidet i Arna.  
Takvam kl. 16. Res.kap. Sundsbø.
- Nov. 09.** Arna kl. 11. Gen.sekr. Ole Chr. Kvarme. Unnelandskoret. Takkoffer til Det norske bibelselskap. Søndagsskole.

## **Søndag er kyrkjedag**

### **KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA**

**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

**Redaksjonsnemnd:** Sylvi Sæle, Ingebjørg Ragnhildstveit, Ragnhild Rein,  
Harald Sundsbø, Ingvar Hageberg, Bjørg Hilde Glad, Laila Ueland.

**Forretningsførar:** Bjørg Hellesøy.

**Bladpengar:** kr. 30,-

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8448.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

### **ARNA PRESTEGJELD**

**Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova :** Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

**Kontortid:** Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30  
Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

**Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P.Jebsensv.39:** Tlf.24 85 46.

**Kontortid:** tysdag kl. 17.00 - 18.00.  
onsdag og fredag 10.00 - 11.30.

**Kyrkjegardane i Arna.** Tlf. 24 05 69. **Kontortid:** Månd. - fredag 10 - 11.

Frist for innlevering av stoff til nr. 8: 15. okt.